


# ÅRSMELDING - 1988



## FISKERIRETTLEIAREN I ULSTEIN OG HAREID



Kontor, adr., tlf.:  
Rådhuset, 6060 Hareid, (070) 92 195  
Rådhuset, 6065 Ulsteinvik, (070) 12 000



Ovanfor: Skisse av regionen som omslutter Hareid- og Ulstein kommune.

Nedanför: Regionen ligger der den svarte pila viser.

Ålesund er næraste by.




Kleven Mek. Verksted A/S overleverte fredag 2. desember fabrikktråleren F/TR «Tampen» til Johs. R. Hareide A/S på Hareid.

F/TR «Tampen» er bygget i stål med to gjennomgående dekk, trålslipp, bulb-baug og isforsterket skrog som gjør det mulig å operere i farvann med vanskelig isforhold.

### Utviklet lokalt

«Skipet er i sin helhet utviklet her hos oss. får Fiskaren opplyst ved verkstedet. Kleven har også stått for alt designarbeidet. Det er lagt vekt på å få til en best mulig kombinasjon av fart, skyvekraft, sjøegenskaper og stabilitet i de aktuelle driftstilstandene.

## F/Tr. «TAMPEN»



«Tampen» er den første større fiskebåten på 22 år som er bygget ved eit verft i Ulstein til ein reiar på Hareidlandet.

## F O R O R D

Lova om rettleiingstenesta i fiskerinæringa av 11. juni 1971 vart sett i kraft frå 1. januar 1972 og er seinare endra i Lov av 11. juni 1982.

Underteikna vart tilsett som fiskerirettleiar i kommunane Herøy, Ulstein og Hareid den 1. august 1975. Som ein av dei største fiskerikommunane i landet sette Herøy fram rettkome krav om å få eigen fiskerirettleiar - og distriktet vart delt i to frå 1. januar 1979. Årsmeldingar frå fiskerinæringa har vore framlagt for kvart år. På grunn av den vanskelege arbeids-situasjonen uten kontorhjelp i 1987 vart det berre utarbeidd ei forenkla årsmelding for 1986-1987. Årsmeldinga for 1988 er i hovedsak lik årsmeldinga for 1985. Fiskeridirektoratet har fått utarbeidd disposisjonsplan som i hovudtrekka er lik for alle fiskerirettleiarar. I tillegg til denne disposisjonsplanen har fiskerinemnda retta ynskje om at ein også bør ta med eit kapittel med verbal brevskrivning av hendingar i meldingsåret. Frå 1. januar 1981 er fiskerikontora og rettleiingstjenesta for fiskerinæringa underlagt og finansiert av staten. Fiskerinemnda er likevel framleis valgt av kommunestyre.

Denne regionen som har hatt svak vekst i folketallet hadde pr. 1/10-88 totalt 10.097 innbyggjarar fordelt med 5.609 i Ulstein og 4.488 i Hareid kommune. Bortsett frå to mindre bebodde öyar i Ulstein er begge kommunane lokalisert på öya Hareidslandet, Ulstein delar öya i vest, Hareid i aust. Öyane som er utan fastlandssamband har likevel fleire fergeknytepunkt og hurtigbåten til Ålesund tek 25 minutt. Tettstaden Ulsteinvik utgjer eit naturleg regions- og handelssenter for heile ytre Söre Sunnmöre. Tidlegare var næringslivet i distriktet hovedsakleg basert på fiske, fiskeforedling og selfangst. I dei seinare åra har ein hatt vekst i skipsindustrien og tilsvarande tilbakegang i fiskerinæringa. I dag er næringslivet i Ulstein kommune hovedsakleg basert på skipsindustri og eit sterkt handels- og servicesenter. I Hareid har ein skipsindustri, möbelproduksjon, betongproduksjon, fiskeforedlingsbedrifter og annan småindustri. Mange ser og meiner no at ei framtidsretta fiskerinæring bör gjenoppbyggast i begge kommunane.

Med disse orda vil eg håpe at årsmeldinga kaster lys over fiskerinæringa i dette distriktet. Ein tek likevel atterhald om seinare rettingar då tal og meiningar som i enkelte höve er teke på skjön kan avvike frå det som er eksakt rett.

Hareid, den 17/2-89

Jan-Petter Mork

# OMRÅDE

VIGRA  
Ålesund lufthavn

ÅLESUND

FLØ

BRANDAL

ULSTEIN

HAREID

ULSTEINVIK

HJØRUNG

RV 61

DIMNA

HASUND

HADDAL



EIKSUND

ØRSTAN  
LDA

Sunnmørs

Geiranger - Hi

- ◆ = skipsbyggeri
- = oppdrettsanlegg
- = 10 fiskere
- = fiskemottak

 den geografiske avgrensinga av tjenesteområdet  
 grense mellom kommunene Hareid og Ulstein

# I N N H A L D

	side
Forord -----	1
Kart over tjenestedistriktet, fiskeribosetning, fiskemottak, oppdrettsanlegg, skipsbyggeri -----	2
Innhald -----	3
 Kapitel:	
1. RETTLEIINGSTJENESTA, FUNKSJON OG VERKSEMD -----	4
1.1 Fiskerikontora -----	4
1.2 Personalet -----	4
1.3 Korrespondanse -----	5
1.4 Dei viktigaste prosjekta -----	5
1.5 Deltaking i utvalg, nemnder, råd, komiteer -----	6
1.6 Tjenestereiser utanfor rettleiardistriktet -----	6
1.7 Medlemmer i fiskerinemndene og nokre andre organ -----	7
1.8 Møteverksemd i fiskerinemndene -----	9
1.9 Viktige fiskerinemndssaker -----	9
1.10 Administrative erfaringar -----	10
 2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA -----	 10
2.1 Fiskarmanntalet -----	10
2.2 Sysselsetting i mottak- og foredlingsleddet -----	12
2.3 Sysselsette i akvakulturnæringa (fiskeoppdrett) -----	13
2.4 Andre arbeidsplassar skapt av fiskerinæringa -----	14
2.5 Den totale sysselsettinga i fiskerinæringa -----	14
 3. FISKEFLÅTEN -----	 15
3.1 Avgang, tilgang, antal og byggeår -----	15
3.2 Krinsvis fordeling av fiskeflåten -----	16
3.3 Fiskefarty med konsesjonar i dette distriktet -----	16
 4. FISKEMOTTAK OG FOREDLINGSLEDDET -----	 17
4.1 Dei enkelte bedriftene i distriktet -----	17
4.2 Råstoffmottak, produksjon - utvikling siste åra -----	18
4.3 Fangstleveringar utanfor distriktet -----	19
 5. AKVAKULTUR -----	 20
5.1 Søknader og resultat ved anlegg i drift -----	20
 6. LÅNE- OG FINANSSAKER -----	 22
6.1 Statens Fiskarbank, omsøkte og innvilga lån -----	22
6.2 Andre lån, garantiar, tilskott m.m -----	22
 7. PLANAR OG TILTAKSIDEAR -----	 23
7.1 Aktuelle prosjekt i den enkelte krins -----	23
7.2 Prioriteringar av aktuelle prosjekt og tiltaksidear i distriktet -----	25
 8. OPPSUMMERING/KONKLUSJON -----	 26
 9. EIT TILBAKESYN PÅ NOKRE HENDINGAR I 1988 -----	 29
 VEDLEGG: Sjøtemperaturar, kopi av sjökart nr.30 og nr.308	

## 1. RETTLEIINGSTJENESTA, FUNKSJON OG VERKSEMD

### 1.1 Fiskerikontora

Til liks med landbrukskontora har vi kontor i dei respektive rådhusa i begge kommunene. Kontora, kvar på 25-30m<sup>2</sup> - er bra utstyrte med bl.a. skrivemaskiner, kalkulatorar, telefonar, interkommunikasjon, skrivebord, veggseksjonar, hyller, skap, stolar og bord for møter, besökande m.m. Hovedkontoret på Hareid har også data-anlegg (PC) som m.a. vert nytta til tekstbehandling. Rådhusa har spesielle rom for tilgang og bruk av felles-tjenester som kopiering, frankering, matrom o.l. Leige-avtalar som er inngått mellom kommunane og Fiskeridirektoratet omfattar fleire fellestjenester. Hovedkontoret på Hareid er normalt betjent mandag, onsdag og fredag, i Ulstein tirsdag og torsdag. Etter dagboknoteringar var 567 personar i løpet av 1988 innom fiskerikontora for å få rettleiing, informasjon og hjelp.

### 1.2 Personalet

I dette distriktet vart det oppretta stilling som fiskerirettleiar den 1/8-75. Fram til 1980 var fiskerirettleiararen åleine om å betjene kontora. Etter den tid og fram til mars -86 har fiskerikontora vore betjent av fiskerirettleiar og ein kontorassistent. Frå denne tid og fram til oktober -88 var fiskerirettleiararen åleine på kontora. Etter den tid har vi igjen fått ei kontorhjelp. Men det er diverre berre fiskerirettleiararen som har formell stillingstatus. Kontorhjelpa har heile tida vore finansiert av sysselsettingsmidlar frå Arbeidsdirektoratet. Ordninga med å nyttiggjere seg sysselsettingsmidlar må berre sjåast som ei midlertidig naudlöysing. Samanholdt med kravet som vert sett til fiskeriadministrasjonen burde det vera både eit beskjedent og rettkome krav at alle fiskerirettleiarar i det minste fekk formell tilsetjing av ei kontorhjelp-stilling på fiskerikontora.

### 1.3 Korrespondanse

Ved hovedkontoret på Hareid er det etter journalen motteke 1.180 brev og rundskriv. Av utgåande post viser det tilsvarande talet 439. Ved distriktskontoret i Ulstein er det etter journalen motteke 166 brev og rundskriv. Av utgåande post viser det tilsvarande talet 211. Totalt er det dermed på begge kontora teke imot 1.346 brev og rundskriv, utsendt tilsvarande 650.

I tillegg er det grunn til å tru at ein i løpet av året har sendt og motteke anslagsvis ytterlegare 40 - 50 frankerte brosjyrer, tidsskrift, skjema m.m. som ikkje er journalført. Generelt kan ein seia at korrespondansen omfattar: Sosiale forordningar, konsesjons- og registreringssaker, finans- og lånesaker, kart- og planarbeid, hamnesaker, serviceanlegg, fiskarmanntalet, merkeregisteret, Lov og forskrifter, forvaltningskorrespondanse m.m.

### 1.4 Dei viktigaste prosjekta

Alt etter kva ein legg til grunn er det vanskeleg å seia kva som er viktig og kva som er mindre viktig av aktuelle prosjekt i fiskerinæringa. Upprioritert vil ein likevel måtte nemne disse:

Settefiskanlegget Hjörungfisk A/S, Settefisk- og oppdrettsanlegget Flöfisk a/s, foredlingsanlegget Skaarfish a/s, fiskerikaia i Ulsteinvik, Skjervøy Service- og Lineegnesentral, kartleggings- og planarbeid med sikte på aktuelle områder for akvakultur-anlegg, generelt hamneplanarbeid og spesielt utbygging av fiskerihamnene på Flö og i Brandal, autolinebåten "Karl Vadöy", fabrikktrålararen "Tampen" m.m. Det mest nedslåande resultat av utviklinga siste åra er stoppen i selfangstnæringa og dermed stillstanden i sel-skin-mottakanlegget ved Martin Karlsen A/S i Brandal, stopp i fiskemottaket ved Skjervøy Service og Lineegnesentral samt problema Flöfisk a/s fekk då dei over lang tid hadde salgsforbod på grunn av misstanke om sjukdom i anlegget.

## 1.5 Deltaking i utvalg, nemnder, råd, komiteer

Fiskerirettleiaren har disse verv: sekretær for fiskerinemndene i begge kommunane, fiskarmanntalsfører i begge kommunane, merkelova sin tilsynsmann i begge kommunane, representant for Statstjenestemannskartetlet sitt samarbeidsråd på Sunnmøre. Formann i fagforeninga Rettlednings-tjenestens Funksjonærforening (RFF) avdeling Møre og Romsdal. Fiskerirettleiaren tek også del på møter i fiskar-laga, hamnestyremøter, bygningsrådsmøter/møter i teknisk styre, møter som vedkjem reguleringsplanar, kystsoneplanen, klarering/kontroll ved seism. testing, tråletesting m.m. Fiskerinemndsmedlemmar i Hareid og Ulstein er m.a. representert i Fiskarlaget og Hamnestyre i dei respektive kommunane.

## 1.6 Tjenestereiser utanfor rettleiardistriktet

Sörishav-möte i Ålesund 11. februar, informasjonsmöte i Kristiansund 12.-13. februar, budsjettmöte i Ålesund 4. mars, konferanse Garantikassen i Kristiansund 25.-27. april, synfaring/kontroll i Örsta 30. mai, fiskerimesse i Trondheim 11.-12. august, fiskeristyre-möte i Ålesund 19. august, kontakt- og informasjonsmöte i Ålesund 22.-23. september, årsmöte Sunnmøre fiskarlag 11.-12. november.

1.7 Medlemmer i fiskerinemndene og nokre andre organ

**HAREID fiskerinemnd:**

Angell Brandal, leiar  
Modulf Røyset, nestleiar  
Else Grimstad  
Sigvart Breivik  
Else Karlsen  
(trygdesjefen tiltrer nemnda  
ved handsaming av fiskarmann-  
talet)

**Varamedlemmer i rekkefylgje:**

1. Else Dimmen
2. Sigurd Liavåg
3. Kristian Grimstad
4. Roar Holstad
5. Unni Östrem

**Hareid Hamnestyre:**

(ekskl. varamedl.)

Roger Hareide, leiar  
Arve R. Røyset, nestleiar  
Kari Asmo Grimstad  
Jorunn Ulstein  
Jan Skrede  
Ruben Brandal  
Arne Arnesen

**Takstnemnd Statens Fiskarbank:**

(ekskl. varamedlemmer)

Angell Brandal, leiar  
Lars Gjerde  
Norvald Liavåg

**Innlandsfiskerinemnda:**

(ekskl. varamedlemmer)

Andreas Hareide, leiar  
Else Grimstad, nestleiar  
Jostein Bratli  
Kirsti Hovden Holstad  
Alv A. Grimstad

I tillegg til dei politiske folkevalde har ein

**Hareid Fiskarlag:**

Leif K. Hareide, formann  
Roar Hareide, sekretær

**Merkelovens tilsynsmann:**

Jan-Petter Mork  
(fiskerirettleiaren)



**ULSTEIN fiskerinemnd:**

Andreas Svendsen, leiar  
Karen Topphol, nestleiar  
Eivind Ulstein  
Knut Strand  
Borghild Petersen  
(trygdesjefen tiltrer nemnda  
ved handsaming av fiskarmann-  
talet)

**Varamedlemmer i rekkefylgje:**

1. Arne Höyvik
2. Sölvi Hauge
3. Björnar Kleiven
4. Sölvi Skeide
5. Steinar Dimmen

**Ulstein Hamnestyre:**

(ekskl. varamedl.)

Bård Vikanes, leiar  
Andreas Svendsen, nestleiar  
Leif Midtflö  
Ingunn Botnen  
Asbjörg Garshol

**Takstnemnd Statens Fiskarbank:**

(ekskl. varamedlemmer)

Andreas Svendsen, leiar  
Peter Eiksund, nestleiar  
Arthur Kleven

**Innlandsfiskerinemnda:**

(ekskl. varamedlemmer)

Svein Otterdal, leiar  
Torill Botnen, nestleiar  
Björn Egil Flö  
Oddny Ulstein  
Jostein Flö

I tillegg til dei politiske folkevalde har ein

**Ulstein Fiskarlag:**

Eivind Ulstein, formann  
Johan Kleiven, sekretær

**Merkelovens tilsynsmann:**

Jan-Petter Mork  
(fiskerirettleiar)

## 1.8 Møteverksemd i fiskerinemndene

Hareid fiskerinemnd har i meldingsåret halde 4 fulltallige (vedtaksføre) møter der det vart handsama 23 saker og ca.46 referatsaker. Disse möta har som oftast vore haldne på kveldstid og varer gjennomsnittleg 3 - 4 timar. I tillegg til disse möta har vi ca. ein gong kvar tredje veke eit "minimöte" der formannen eller nestformannen (evt. eit medlem) möter saman med fiskerirettleiaren og handsama hastesaker som vert protokollført og seinare referert på "fulltallige" möter. Disse "minimöta" varer vanlegvis i ein time.

Ulstein fiskerinemnd har i meldingsåret halde 4 fulltallige (vedtaksføre) möter der det vart handsama 24 saker og ca.48 referatsaker. Disse möta har også som oftast vore haldne på kveldstid og varer i gjennomsnitt 3 - 4 timar. I tillegg til disse möta har vi ca. ein gong kvar tredje veke eit "minimöte" der formannen eller nestformannen (evt. eit medlem) möter saman med fiskerirettleiaren og handsama hastesaker som vert protokollført og seinare referert på "fulltallige" möter. På same måten som i Hareid varer disse möta også vanlegvis ein time. På fiskerinemndsmöta ved hand-saminga av fiskarmanntalet har det både i Ulstein og Hareid mött ein representant frå det respektive trygdekontor.

## 1.9 Viktige fiskerinemndssaker

Kva for saker som har vore meir "viktige" enn andre beror på kva kriteriar ein legg til grunn for "viktigheita". I enkelte høve er saker "viktige" for den enkelte på grunn av personlege forhold som f.eks. fiskarmanntalet, eller det å få eller ikkje få fiskerimerka båten sin. Andre saker kan vera "viktige" fordi det er vanskeleg å få lukrative konsesjonar som til dømes fiskeoppdrett. Atter andre kan vera "viktige" på grunn av finansielle forhold, langsiktige samfunnsgoder ved planarbeid, bruk av hamneanlegg, fiske-mottak, serviceanlegg, sosiale forordningar m.m. Generelt meiner vi det er svært "viktig" at kommunane forstår kva verd fiskerinæringa har i det totale næringslivet som inn-tektsgrunnlag og sist men ikkje minst at ein eller fleire arbeidsplassar som fiskarar på ein båt vert likestilt med tilsvarande arbeidsplassar på ei bedrift i land. Fiskerinemndene har dessutan gjort sentrale vedtak som klager på at det i disse kommunane synest å vera vanskeleg å få tildelt nye konsesjonar og offentleg kreditt for å styrke fiskerinæringa. Generelt kan ein seia at dei fleste og "viktigaste" sakene i fiskerinemnda høyrer til konsesjons-, kreditt- og plansaker. I stikkord kan ein likevel nemne: Oppdrettskonsesjonar, Statens Fiskarbank, kystsonenplanen, fiskarmanntalet, årsmelding, regnskap, NOU 1988'9, hamneregulativa, hamneplanar, fiskebåtkonsesjonar, reguleringsplanar, deponeringsplass daud oppdrettsfisk, fiske-mottak, lineegnesentralar, Garantikassen m.fl.

## 1.10 Administrative erfaringar

Vi har et godt samarbeid både på fiskerikontoret og i forhold til fiskerinemndene. Erfaringane frå enkelte administrative samarbeidsorgan kunne likevel ha vore betre. Dette gjeld både forholdet til enkelte kommunale organ, organisasjonar, og statlege administrasjonar i fiskerieringa. Administrasjonsmønsterar bør unngå autoritære styringsformer og i staden leggje større vekt på fagleg utveksling av erfaringar og "to-vegsinformasjon" uavhengig av over-/underordningsforhold i hierarkiet. Der ein har vore med som part i forvaltninga av ei sak er det nødvendig at ein får gjenpart/kopi av utfallet frå handsaminga av saka. Dette gjeld såvel finanssaker som konsesjonssaker. Dersom slik informasjon ikkje vert gitt så kan ein kome i skade for å gi råd og opplysningar som seinare viser seg å vera feil på grunn av at saka er handsama utan at vi har vorte kjendte med utfallet. Når disse merknadane vert gjort så er det likevel rett å føye til at samarbeide til enkelte organ i den seinare tid har endra seg til det betre.

## 2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA

### 2.1 Fiskarmanntalet

Fiskarmanntalet er oppsett i medhold av Lov av 11. juni 1982, forskrifter fastsatt 26. sept. 1983. Sterkt forenkla kan ein seia at det krevst meir enn 20 veker drift og inntekt høgare enn kr. 31.000 (grunnbeløpet i folketrygda) frå fiske for å koma inn på blad B som hovedyrkefiskar. Av den totale årsinntekta må minst 60 % vera frå fiskeri og ein kan ikkje ha fast heilårsstilling utanom fiskaryrket. Bityrkefiskarane må ha ei inntekt frå fiske på minst kr. 15.500 (0,5 G) for å stå på blad A. Pensjonerte fiskarar som i 10 av dei siste 20 åra før pensjonering hadde fiske som hovedyrke kan likevel i spesielle høve takast inn på blad A utan krav til inntekt. Ved fleire konsesjonsbelagde fiskeri og sosiale goder er det krav om at ein må stå i fiskarmanntalet.

Fiskarmanntalet i Hareid kommune:

År	Inn- deling	Fiskara fordelt etter aldersgruppe.							Totalt	Gj.sn. alder
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1986	Blad A	1	11	7	1	7	8	5	40	47
	Blad B	9	51	28	25	16	1	0	130	34
	Totalt	10	62	35	26	23	9	5	170	37
1987	Blad A	1	12	5	4	5	8	6	41	46
	Blad B	10	65	28	22	20	3	0	148	33
	Totalt	11	77	33	26	25	11	6	189	36
1988	Blad A	2	7	6	3	4	8	6	36	48
	Blad B	10	74	35	23	19	2	0	163	32
	Totalt	12	81	41	26	23	10	6	199	35

Dei siste åra har eit svakt aukande antal fiskarar i Hareid stabilisert seg rundt 180-200. Gjennomsnittsalderen på fiskarane er forholdsvis lav, rundt 36 år. Det er ikkje grunn til å venta at antal fiskarar i Hareid vil endre seg noko større dei neraste åra.

Fiskarmanntalet i Ulstein kommune:

År	Inn- deling	Fiskara fordelt etter aldersgruppe.							Totalt	Gj.sn. alder
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1986	Blad A	1	7	2	4	3	4	11	32	54
	Blad B	14	36	21	30	9	5	0	115	34
	Totalt	15	43	23	34	12	9	11	147	39
1987	Blad A	2	7	3	5	5	6	10	38	52
	Blad B	13	43	28	25	9	4	0	122	32
	Totalt	15	50	31	30	14	10	10	160	37
1988	Blad A	1	8	3	4	4	4	10	34	51
	Blad B	19	45	34	28	13	6	0	145	33
	Totalt	20	53	37	32	17	10	10	179	37

Etter fiskarmanntalslistene har eit svakt aukande antal fiskarar i Ulstein siste åra leie kring 160 - 180. Gjennomsnittsalderen på fiskarane i Ulstein er ca. 37 år. Det er heller ikkje grunn til å venta at antal fiskarar i Ulstein vil endre seg noko større dei neraste åra.

I regionen sett under eitt var det i 1988 manntalsført 378 fiskarar. Av disse hadde 308 fiske som hovedyrke.

## 2.2 Sysselsetting i mottak- og foredlingsleddet

Heiltidstilsette			Sesongtilsette			Ant. årsverk totalt			
1987	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
Hareid	14	20	34	11	10	21	22	24	46
Ulstein	2		2	1	1	2	2	1	3
1988									
Hareid	29	31	60	10	15	25	33	37	70
Ulstein	1		1	1	1	2	2	1	3

Kilde: Innhenta opplysningar frå bedriftene og tidlegare årsmeldingar.

Siste året er det 4 fiskemottak og foredlingsbedrifter som har vore i drift i dette distriktet. Den største av disse er Skaarfish a/s (tidligere Liavåg Fiskeindustri A/S), ei forholdsvis ny og moderne bedrift som ligg i Hjörungavåg. Denne bedrifta som tidvis sysselsett 40-80 arbeidrarar har to avdelingar, ei for mottak av oppdrettslaks og -aure og ei for produksjon og frysing av konsumvarer som sild, makrell m.m.

Den andre bedrifta er Martin Karlsen A/S som ligg i Brandal. Denne bedrifta har tidlegare vore ein sildeoljefabrikk og har dessutan teke imot og foredla selskinn, spekk, brugdelever, småkval m.m. Det er grunn til å merke seg at dette er den einaste bedrifta i Norge utanom Tromsø som har maskiner for mottak og foredling av selskinn og spekk. Ein må på det sterkaste beklage at dette anlegget siste 5-6 åra ikkje har hatt i drift spekk- og selskinnmaskinene på grunn av nedtrapping i selfangstnæringa. For 20-30 år tilbake sysselsette denne bedrifta 40-50 mann, siste åra har anlegget berre sysselsett 2-3 personar. No er ein i ferd med å sette i drift ein kveiteoppdrettskonesjon på dette anlegget.

Per Tømmerstøl, eit mindre mottak av sild og brisling er knytt til lineegnesentralen i Ulsteinvik. Dei små kvanta som vert oppkjøpt her går til produksjon av saltsild, krydrasild og ansjos. Ved lineegnesentralen til Knut Strand var det i 1985 også oppretta eit tradisjonelt fiskemottak som har teke imot, flekt, salta og levert fersk linefisk som brosme, lange, torsk, hyse m.m. Dette anlegget hadde ei tid tilsett 1-2 mann, men måtte stoppe fiskemottaket i 1988 på grunn av økonomiske vanskar.

I tillegg til disse anlegga arbeider ein no med planar om å starte ei bedrift for produksjon av tørrfisk i posar.

## 2.3 Sysselsette i akvakulturnæringa (fiskeoppdrett)

Heiltidstilsette			Sesongtilsette*			Ant. årsverk tot.			
1987	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
Hareid	7	1	8	6	3	9	11	2	13
Ulstein	6	1	7	4	3	7	9	3	12
1988									
Hareid	8	2	10	6	3	9	12	3	15
Ulstein	7	2	9	4	3	7	9	5	14

\*Sesongtilsette inkluderer også leigearbeidarar.

Kilde: Innhenta opplysningar frå bedriftene.

I dette distriktet har vi førebels berre 3 settefiskanlegg og 6 muslingdyrkingsanlegg som er i komersiell drift. Settefiskanlegget Hjørungfisk a/s som ligg i Hjørungavåg har den seinare tid hatt 5-6 fast tilsette, 2-3 sesongtilsette og 2-3 leigearbeidarar. Settefiskanlegget Fløfisk a/s på Flø har den seinare tid hatt 7-8 fast tilsette, 3-4 sesongtilsette og 1-2 leigearbeidarar. Dette anlegget har også fått tildelt ein midlertidig og tidsavgrensa lakseoppdrettskonsesjon som mellom anna skal nyttast til forskningsformål. Det tredje settefiskanlegget Brandal Klekkeri a/s i Brandal har den seinare tid hatt 2-3 fast tilsette, 1-2 deltidsarbeidarar og 1-2 leigearbeidarar. Av muslinganlegga som er i drift ligg det største i Vartdalsfjorden ved Hjørungneset og krev førebels ca. eit årsverk. Dei andre, eit ved Brandal, eit ved Hareid, eit ved Eiksund og to ved Dimna driv førebels berre i liten målestokk og krev kvar ca. 0,4 årsverk. I tillegg til disse har ein under oppstarting eit kveiteoppdretts-anlegg i Brandal med 1-2 tilsette. I Hjørungavåg er det gitt ein hummar-konsesjon som under planlegging krev ca. 1 årsverk og til slutt er det også gitt ein kveiteoppdretts-konsesjon på Hatlöya som i planfasen krev ca. 1 årsverk. Av disse i alt 25-30 årsverka har 7-8 kvinner vore i arbeid.

## 2.4 Andre arbeidsplassar skapt av fiskerinæringa

Foran har vi sett på sysselsette i land ved fiskemottak, foredlingsanlegg og akvakulturanlegg. Vi har imidlertid langt fleire arbeidsplassar i land som er avhengige av verksemda både til fiskarane og andre i fiskerinæringa. I dette distriktet kan ein nemne: Skipsindustrien, betongindustrien, produksjon av kaikraner/fiskevaskemaskiner, lineegnesentralar, konsulentkontor, rederkontor, regnskapskontor, rørleggerfirma, elektrisk-montöra, produksjon av oppdrettskar, serviceverkstad for småbåtar, utstyrslevrandörer m.m.

Særleg skipsindustrien har mykje av si verksemd tilknytta bygging, ombygging og reprasjonar av fiskefarty. Det er i alt 5 slike større skipsverft i dette distriktet, 4 ligg i Ulstein kommune og eit ligg i Hareid. Dessutan har Vestlandske Spennbetong og Ulstein Betongindustri den seinare tid hatt ein stadig aukande leveranse av prosjekterte bygg og anlegg både for fiskemottak, foredlingsanlegg og akvakultur-anlegg som fiskeoppdrett og settefiskanlegg. Vidare har vi ei bedrift som produserer kaikraner, fiskevaskemaskiner m.m., vi har to lineegnesentralar samt konsulent og servicetjenester som tidlegare nemnt.

## 2.5 Den totale sysselsettinga i fiskerinæringa

Det er gjort berekningar som viser at alle dei direkte og indirekte virkningane av fiskeria skaper 1-1,2 arbeidsplassar i land for kvar registrerte fiskar. Dersom vi legg oss "midt på treet" kan ein seia at for kvar sysselsett fiskar vert det skapt 1,1 arbeidsplass på land. Tidlegare har vi funne at regionen samla i 1988 hadde 378 registrerte fiskarar:  $378 \times 1,1 = 415$ . Ut frå dette finn vi at den tradisjonelle delen av fiskerinæringa i dette distriktet skaper  $378 + 415 = 793$  arbeidsplassar. I tillegg kjem dei 29 arbeidsplassane innan fiskeoppdrett slik at den totale sysselsettinga i fiskerinæringa vert  $793 + 29 =$   
822 arbeidsplassar.

### 3. FISKEFLÅTEN

#### 3.1 Avgang, tilgang, antal og byggeår

##### HAREID 1988

Kilde: Merkeregisteret

Lengde i M	Antal fartøyer				Byggeår							
	1988 1/1	Av- gang	Til- gang	1988 31/12	För -29	1930 -39	1940 -49	1950 -59	1960 -69	1970 -74	1975 -79	Etter 1980
0 - 5												
5 - 10	21			21			1		2	6	7	5
10 - 15	3	1		2								2
15 - 20												
20 - 30												
Over 30	4		1	5			2		1	1		1
Totalt	28	1	1	28			3		3	7	7	8

I 1988 var fiskeflåten i Hareid samansett av 2 hekktrålarar (den eine under utskifting), 2 snurparar (ein av disse også selfangstskute), 1 selfangstskute, 2 kystfiskefarty og 21 sjarkar, totalt 28 farty. Heile 79 % av fiskeflåten var bygd etter 1970, berre 21 % var eldre.

#### 3.1 Avgang, tilgang, antal og byggeår

##### ULSTEIN 1988

Kilde: Merkeregisteret

Lengde i M	Antal fartøyer				Byggeår							
	1988 1/1	Av- gang	Til- gang	1988 31/12	För -29	1930 -39	1940 -49	1950 -59	1960 -69	1970 -74	1975 -79	Etter 1980
0 - 5												
5 - 10	31	5	2	28				2	8	5	9	4
10 - 15	7		2	9		1	1		1		3	3
15 - 20												
20 - 30	1	1	0	0								
Over 30	0	0	1	1								
Totalt	39	6	5	38		1	1	2	9	5	12	8

I 1988 var fiskeflåten i Ulstein samansett av 1 havgåande autolinebåt, 1 kystfiskefarty med autoline, 2 kystreketrålarar, 6 kystfiskefarty for line/garn og 28 sjarkar, til saman 38 farty. 66 % av fiskeflåten var bygd etter 1970. 34% var eldre.



### 3.2 Krinsvis fordeling av fiskeflåten

Hareid:

Av dei i alt 28 fiskefartya var 17 frå Hareid, 7 frå Brandal og 4 frå Hjørungavåg. Delar av året er likevel eit eller to farty frå Brandal og Hjørungavåg stasjonert på Hareid.

Ulstein:

Av dei ialt 38 fiskefartya var 13 frå Ulsteinvik (inkl. Ulstein), 10 frå Flø, 6 frå Dimna, 6 frå Haddal og 3 frå Eiksund. Delar av året er likevel 5-7 farty tilhøyrande utekrinsane ofte stasjonert i kommunesenteret Ulsteinvik.

### 3.3 Fiskefarty med konsesjonar i dette distriktet

Hareid:

I denne kommuna hadde fiskefartya i 1988 2 ringnot-konsesjonar, 2 selfangstkonsesjonar, 1 saltfisk-/fabrikk-trålkonsesjon, 1 kolmulekonsesjon og 1 laksedrivgarn-konsesjon.

Ulstein:

Av fiskeflåten i Ulstein er det berre ein brisling-konsesjon. Det einaste havgåande fiskefartyet i Ulstein driv med autoline som enno ikkje er konsesjonsbelagt.

#### 4. FISKEMOTTAK OG FOREDLINGSLEDDET

##### 4.1 Dei enkelte bedriftene i distriktet

Som før nemnt lenger framme i årsmeldinga har vi fylgjande anlegg i dette distriktet:

- Skaarfish A/S, 6063 Hjørungavåg.  
(Mottak av oppdrettsfisk og nytt fryseri for mottak/foredling av sild, makrell m.m.)
  
- Martin Karlsen A/S, 6062 Brandal.  
(Mottak/foredling av selskinn, spekk, brugdelever, småkval, fisk, kveiteoppdrett under oppstarting).  
På grunn av hetsen mot selfangstnæringa er det ikkje teke imot og foredla slikt råstoff her siste åra.
  
- Per Tømmerstøl, 6065 Ulsteinvik, tilknytta Skjervøy-anlegget.  
(Mottak og salting/krydring av sild og brisling).
  
- Skjervøy Fiskemottak, 6065 Ulsteinvik, tilknytta lineegnesentralen.  
(Mottak av line- og garnfisk som brosme, lange, hyse, torsk, sei, m.m. for flekking og salting eller vidare-solgt fersk).  
På grunn av økonomiske problem har anlegget ikkje teke imot fisk siste året.

#### 4.2 Råstoffmottak, produksjon - utvikling siste åra

Tonn rund vekt, førstehandsverdi i 1.000 kr.

	Torsk Saltfisk	Torsk	Hyse Sei	Lange Brosme	Laks Aure	Makrell	Sild	Bris- ling	Div.	Verdi
Hareid:										
1986	2.200a)		20a)	15a)	10	3.700	2.700		200	50.000
1987	1.500a)		200a)	10a)	8	3.800	4.100		300	49.000
1988	700a)		10a)	5a)	300	6.200	2.900		300	50.000
Ulstein:										
1986		46	16	100			4	1	10	1.700
1987		115	143	196			5	3	8	4.500
1988		1	3	1			3	3	1	100

Kilde: Årsmeldingar frå fiskerirettleiaren og innhenta opplysningar frå bedriftene.

#### Kommentar:

a) Saltfisken som Liavåg Fiskeindustri (anlegget er no oppkjøpt av Skaarfisk a/s) kjøpte i Nord Norge vart mesteparten produsert til klippfisk. Torsken som Skjervøy-anlegget har mottatt er solgt ferskt eller salta, seien og langa salta, brosma og hysa dels salta, dels levert fersk. Laksen, auren og makrellen som vart oppkjøpt av Skaarfisk går til konsum fersk eller frossen. Av silda som også er oppkjøpt av Skaarfisk vart noko filitert og noko omsett rund, fersk eller frossen.

I Ulstein har Per Tømmerstøl siste åra teke imot mindre parti av brisling og sild som vart salta eller krydra ved Skjervøy-anlegget.

I diverse inngår hovedsakleg reke, lodde og schallops som var fryselagra ved Liavåg Fiskeindustri. Skjervøy-anlegget har mottatt mindre bifangstar av uer, steinbit og breiflabb som vart levert fersk. a) Saltfisken er oppgitt i saltfiskvekt og saltfiskpris.

I samband med at Skaarfisk no har kjøpt og teke over tidligare Liavåg Fiskeindustri er avdelinga for saltfisk-klippfiskproduksjonen nedlagt og ombygt til avdeling for mottak av oppdrettslaks og aure.

Ved Martin Karlsen a/s i Brandal har det ikkje vore teke imot råstoff frå selfangsten siste åra. Dette anlegget forsøker no på nye engasjement innan havbruk.

På grunn av økonomiske vanskar vart fiskemottaket på Skjervøy-anlegget i Ulsteinvik stoppa våren 1988.

#### 4.3 Fangstleveringar utanfor distriktet

Dei havgåande fiskefartya som er heimehöyrande i dette distriktet har siste åra levert anslagsvis 80-90 % av den totale fangsten til mottak i andre kommunar på kysten. Snurparar leverer mesteparten ved sildeoljefabrikkane, noko frosnevarer til konsum eller oppdrettsfôr. Fabrikk-trålarane leverer oftast på Sunnmøre, men berre sjeldan ved mottak i dette distriktet. Frå selfangstskutene kan all fangsten mottakast i dette distriktet - men siste åra har likevel Sunnmörsskuter levert i Tromsø. Småreketrålarane og ein snurrevadsjark sel det meste av reka og fisken direkte til forbrukarar ved kai i Ulsteinvik. Både bankfiskebåtane og sjarkane frå dette distriktet som fiskar med line og garn må levera 80-90 % av all fisken til andre kystkommunar. Siste åra - og spesielt i 1987, har imidlertid fleire sjarkar fått levert linefisken ved SKjervöyanlegget i Ulsteinvik. Bankfiskebåtane og sjarkane frå dette distriktet har bragt i land 1.400-1.700 tonn kappa og spretta fisk i året, hovudsakleg torsk, brosme, lange, sei og hyse. Av dette fiska kyst- og sjarkeflåten frå Ulstein ca. 500 tonn. Dette viser at kyst- og sjarkeflåten i dette distriktet har eit klart behov for lokale fiskemottak, spesielt i Ulstein - men også i Hareid.

## 5. AKVAKULTUR

### 5.1 Søknader og resultat ved anlegg i drift

Frå 1980 til 31/12-88 er det sendt inn fylgjande antal konsesjonssøknader frå den respektive kommune:

Hareid:

4 konsesjonssøknader på settefiskanlegg	(2 innvilga/i drift)
7 konsesjonssøknader på matfiskoppdrett	(0 innvilga)
5 konsesjonssøknader på muslingdyrking	(4 innvilga/3 i drift)
3 konsesjonssøknader på kveiteoppdrett	(1 innvilga/i drift)
1 konsesjonssøknad på hummaroppdrett	(1 innvilga)
1 konsesjonssøknad på piggvaroppdrett	(0 innvilga)

Ulstein:

2 konsesjonssøknader på settefiskanlegg	(1 innvilga/i drift)
15 konsesjonssøknader på matfiskoppdrett	(1 innvilga/i drift)
7 konsesjonssøknader på muslingdyrking	(6 innvilga/4 i drift)
1 konsesjonssøknad på kveiteoppdrett	(1 innvilga)
1 konsesjonssøknad på torskeoppdrett	(0 innvilga)

Av dei omsøkte innvilga er det førebels berre tre anlegg som er i seriøs kommersiell drift. Disse tre er settefiskanlegga Hjørungfisk A/S i Hjørungavåg, settefisk- og matfiskanlegget Fløfisk A/S i Ulstein og settefiskanlegget Brandal Klekkeri A/S på Brandal i Hareid. Muslingkonsesjonane har førebels berre sett ut mindre parti med østers. Kveiteoppdrettsanlegget Brandal Havbruk A/S på Brandal i Hareid er no i startfasen, klar for innlegging og forsøk med stamfisk-kveite. Teknisk sett har resultatane med alle tre settefiskanlegga vore tilfredsstillande. Den sterkt aukande etableringa av slike anlegg siste åra har imidlertid metta markede og medført avtakande etterspurnad og prisreduksjon på den produserte settefisken. I tillegg til dette har to av anlegga vore pålagt salgsrestriksjonar på grunn av mistanke om sjukdom som førebels likevel ikkje er påvist. Det eine anlegget har no fått oppheva salgsforbodet - og det andre håper på ei avklaring så snarast råd er. Disse forholda har medført at salgsinntektene av fisk siste åra har vorte mindre enn det ein hadde forventet. Fyrst i år og neste år er den største østersen stor nok som salgsvare - og ein bør derfor avvente ei tid framover før det kan seiast noko om lønnsømd til denne drifta. 3 - 4 forsøk med blåskjell- dyrking har mislukkast, hovedsakleg på grunn av problem med ærfuglen og vanskar med avsetning til tilfredsstillande prisar. Elles har eit av muslinganlegga oppdaga at dei har fått yngelavsetning av kamskjell/haneskjell som har hatt relativ god vekst etter dei vart lagt i østerskorger.

Driftsresultat ved akvakultur-anlegg i Hareid og Ulstein:

	Produksjon						Verdi 1.000 kr					
	Matfisk tonn			Settefisk 1.000 stk.			Matfisk			Settefisk		
	Laks	Aure	Anna	Laks	Aure	Anna	Laks	Aure	Anna	Laks	Aure	Anna
Hareid												
1986	1	1	1	100	10	1	30	20	20	2.200	100	2
1987	1	1	5	400	200	1	40	30	100	5.000	2.000	10
1988	2	2	10	700	100	2	50	40	200	6.000	1.000	11
Ulstein												
1986			1	10	100				10	100	600	1
1987	1	1	3	110	60	1	30	20	40	900	300	10
1988	90	70	7	700	50	2	3.000	2.000	100	4.000	500	11

Kilde: Innhenta opplysningar frå bedriftene.

Ein gjer merksam på at tabellen berre i grove trekk gir uttrykk for produksjon og antatt verdi av den produserte fisken. Den reelle salgsverdien for bedriftene kan derfor avvike litt frå dette avhengig av storleiken på fisken og prisen dei har oppnådd på sitt salg. I kolonne for "Anna" inngår østers, andre typer aure enn regnbogeaure, stamfisk for stryking og "stor settefisk" som grensar opp til matfisk.

## 6. LÅNE- OG FINANSSAKER

### 6.1 Statens Fiskarbank, omsøkte og innvilga lån i 1988

Kategori:	HAREID		ULSTEIN		% antal innvilga av alle a)
	ant. søkn.	ant. innvilga	ant. søkn.	ant. innvilga	
Nytt fartv/rentest./v.l.	1	0	1	1	50
Brukt fartv	1	0			0
Reparasjon/ombvqing	1	1	1	0	50
Nv motor			1	1	100
Utstyr	1	1	1	0	50
Fiskerireiskap	1	1			100
Likviditetslån	1	1	4	3	80
Invisteringstilskot	1	0			0
Anleggslån/fiskemottak	1	1			100
Lån til akva-anlegg					
Tot. ant. søknader	8	5	8	5	63
Søkn. uts. avdrag	4	4	4	3	88

Kilde: Låneprotokoll og innhenta opplysningar frå Statens Fiskarbank.

Ved årsskifte 1988/89 var det i Hareid registrert 9 lån med eit samla lånebeløp på ca. kr. 5.579.500,-. Dei tilsvarande tala for Ulstein var 8 lån og ca. 1.010.300,-.

a) Av dei innvilga lån er ofte det enkelte innvilga kronebeløp redusert i forhold til det omsøkte.

### 6.1 Andre lån, garantiar, tilskott m.m. i 1988

Kategori:	HAREID		ULSTEIN		% antal innvilga av alle a)
	ant. søkn.	ant. innvilga	ant. søkn.	ant. innvilga	
Kondemneringstilskot					
Opplagsstø.(selfanst)	1	1			100
DUF lån-tilskot	2	0			0
Kommunegaranti					
Anna:FTFI/lineforsøk			1	1	100
Tot. ant. søknader	3	1	1	1	50

Kilde: Låneprotokoll og innhenta opplysningar.

I den seinare tid har den prosentvise andelen av antal innvilga offentleg kreditt i forhold til omsøkte auka. Når det derimot gjeld den relative andelen av totalfinansieringa av dei ulike prosjekta så har den off. kreditt i forhold til andre finansilder minka.

## 7. PLANAR OG TILTAKSIDEAR

### 7.1 Aktuelle prosjekt i den enkelte krins

#### Hareid:

I tettstaden Hareid bør ein sikre seg at fiskerihamna og strandområda får landareal til fiskeriinteressene - og veksten i lystbåtflåten og kommunikasjonstrafikken bør ikkje få pressa ut fortrinnsretten som fiskarane har til bruk av hamna. Godkjenninga av lineegnesentralen bør behaldast og aktiverast - og nye moglege byggtekniske løysingar bør vurderast.

Det bør støttast opp om planar og konsesjonssøknader for etablering av landbasert fiskeriverksemd og akvakultur-anlegg i utkanten av sentrums-område.

I Hjørungavåg bør ein støtte opp om ei framtidsretta og ekspansiv utvikling i fiskemottak og foredling av høgverdige konsumvarer ved Skaarfish A/S. Så langt vannkapasiteten frå Hjørungdalsvatnet strekk til bør ein legge forholde best mogleg til rette slik at settefiskanlegget Hjørungfisk får utvikle seg til å verta ei allsidig framtidsretta og ekspansiv akvakultur-bedrift både ved klekkeriavdelinga og ved sjöanlegget i Vartdalsfjorden. Som kjent frå fiskeriretteleiaren sitt kart- og planarbeid i akvakultur er Leirvågen truleg eit av dei beste områda kommunen har for lokalisering av eit større fiskeoppdrettsanlegg. Ein må difor støtte opp om planar for matfiskanlegg både i dette området og på andre aktuelle stadar, særleg i strandområde ved Vartdalsfjorden.

I Brandal bør ein med hovedvekt på fiskerinæringa - prioritere planlegging og bygg av landbasert verksemd i fiskerihamna. Dersom selfangstnæringa snarast ikkje vert trappa opp igjen så bør ein intensivera "jakta" på aktuelle produktionsaktivitetar i fiskerinæringa som kan nytta det store anlegget til Martin Karlsen A/S, herunder støtte opp om kveiteoppdrettsplanane til Brandal Havbruk. Aktuelle planar om vidare utbygging av settefiskanlegget Brandal Klekkeri med vatn frå Indredalen og evt. Ytredalen bør støttast så langt vannkapasiteten og forholde ved sjöanlegget gjer det forsvarleg.

Det bør framleis arbeidast med å få etablert eit konvesjonelt fiskemottak i kommunen - og dette kan i så fall leggest til Brandal, evt. i samarbeid med ein service og lineegnesentral.



Ulstein:

I tettstaden Ulstein bør ein prioritere fiskerirelatert aktivitet ved Skjervøy anlegget og ved fiskerikaia i området. I denne samanheng er det ønskeleg å få leveranse av is, agn, olje og vatn. Eit kvantumsbegrensa oppdrettsanlegg ved Spjutøya bør få ligge der så lenge dette ikkje er til større ulempe for yrkesfiskarane eller medfører ufor-svarleg forureining i området.

Planane om eit oppdrettsanlegg på Hatlöya bør støttast for å medvirke til å opprettholde busettinga på øya.

På Flø ser ein svært positivt på utbygginga av fiskerihamna og håper fiskeriaktiviteten framover vil auke. I neste omgang bør både innløpet og hamna mudrast, ein må få inn-seglingslykt og lys på kaia - og i hamneområdet på land bør ein reservere areal til fiskerirelaterte bedriftsaktivi-tetar.

Så langt vannkapasiteten strekk til bør ein legge forholda best mogleg til rette slik at settefiskanlegget Fløfisk får utvikle seg til å verta ei allsidig framtidsretta og eks-pansiv akvakultur-bedrift. Ein burde også vurdera om dette moderne anlegget i meir formalisert samanheng kunne nyttast til ekstern undervisning i oppdrett for elevar ved dei vidaregåande skulane og evt. ungdomsskulane i distriktet.

Når det gjeld dei mindre krinsane så har ein ingen spesi-elle prosjekt som peikar seg ut. Forholda for ulike akva-kulturverksemdar synest imidlertid gode i store delar av fjordsystemet - og ein bør derfor støtte opp om eit forsvar-leg antal slike anlegg i området.

## 7.2 Prioriteringar av aktuelle prosjekt og tiltaksidéar i distriktet

Det å måtte sette opp ei prioriteringsliste for aktuelle framtidige prosjekt er ei vanskeleg oppgave. Uansett kva ein set opp i prioritert rekkefylgje så vil det vera nokon, og mange med rette - som meiner at eit anna prosjekt er "viktigare" og burde gå framfor andre. I tillegg kjem at mange forutsetningar av forventa næringsutvikling såvel som planlegging endrar seg over tid. Dette vil medføre at eit aktuelt prosjekt eller arbeidsområde som er viktig på eit tidspunkt kan vera mindre viktig berre kort tid seinare eller tilsvarande i omvendt rekkefylgje. Når det no likevel i disposisjonsplanen er retta ynskje om at fiskerirettlei- arane set opp ei prioriteringsliste for aktuelle framtidige arbeidsområde så bør ein gjera det. På bakgrunn av det som her er sagt set ein opp fylgjande prioriteringsliste:

1. Finne ny eller gjenoppta den fiskeriretta verksemda ved Skjervöyanlegget for å opprettholde fiskerimiljøet både her og i område ved fiskerikaia i Ulstein, herunder for- lenge den påbegynte moloen.
2. Planlegging og utbygging av fiskerirelaterte verksemder ved fiskerihamna i Brandal, herunder også om mogleg finna ny eller gjenoppta selfangst- og fiskeriaktivi- teten ved Martin Karlsen-anlegget.
3. Støtte opp om og ta del i aktuelle opplegg for møter, kurs og undervisning som kan spreie informasjon og kunn- skap om fiskerinæringa.
4. Generelt legge stor vekt på arbeide med potensielle fram- tidsretta konsesjonar, kreditt-tilgang og utbygging av akvakulturanlegg.
5. Mudre hamn og innløp - og fylgje opp den fiskerirela- terte aktiviteten ved fiskerihamna på Flö.
6. Ivareta fiskerinæringa sine interesser ved å ta del i arbeid, handsaming og forvaltning av kystsoneplanar i distriktet.
7. Medvirke til å bedre samarbeide mellom aktuelle organ og etatar, herunder spesielt Fiskeridirektoratet's Kontroll- verk og Havbruksveterinæren ved veterinærtjenesten/- næringsmiddelkontrollen.
8. Ta aktivt del for å hindre at merkeregistrerte fiskefarty vert "bortpressa" av fritidsflåten i hamnene og på fiske- felta.

Hovedproblemet ved rekrutteringa til fiskerinæringa i disse kommunane er fyrst og fremst at vi har mista verdifulle ele- menter i miljøet.

I valget av punkta foran er det lagt vekt på tiltak som ein på lengre sikt håper kan medvirke til å betre trua på og miljøet i næringa.

## 8. OPFSUMMERING/KONKLUSJON

Tidlegare var dette distriktet kjent som eit av dei mest aktive fiskeriområda på Sunnmørskysten. Siste 10-20 åra har derimot både havfiskeflåten og selfangstnæringa gått sterkt tilbake slik at ein i dag har igjen berre 4-5 av tilsvarande store fartar som det var 20-30 av i femti- og sekstiåra. I antal er nedgangen i havfiskeflåten nær kompensert med ein tilsvarande auke i sjarkflåten - men sysselsettinga i næringa er redusert sjølv om antal fiskarar, sysselsette i akvakultur og anna avledda verksemd igjen har auka jamt siste 3-4 åra.

1988 vart eit dårlegare år for fiskeflåten enn dei siste foregåande åra. Dette skuldast m.a. reduserte kvoter, lave prisar på fisken, små tilskot over fiskeriavtalen og aukande drifts- og kapitalkostnader.

Både kvantum og prisar på line- og garnfiske var under middels og gjorde derfor at mange sjarkar kom dårleg ut med årsresultatet.

For snurparane vart det derimot eit bedre år i 1988 enn i 1987, hovudsakleg på grunn av den positive prisutviklinga og fulle kvoter på sild og makrell.

Hekktrålararen hadde eit brukbart år i 1988 som likevel var dårlegare enn i 1987 på grunn av reduserte kvoter.

Den nye havgåande autolinebåten hadde etter forholda eit brukbart år, hovudsakleg på grunn av intensiv drift og godt fiske.

Ei ishavsskute hadde bra fangst i Austisen men med dei lave skinnprisane måtte rederiet ha statsstøtte for å halde økonomisk balanse på turen.

Fiskemottaket på Hjørungavågen hadde midels resultat i motteke kvantum - men det økonomiske resultatet var dårlegare og bedrifta vart seld til nye eigarar sommaren-88. Driftsresultatet til dei nye eigarane av bedrifta er imidlertid godt og arbeidsstokken ved anlegget er no vesentleg utvida.

Fiskemottaket i Ulsteinvik fekk imidlertid økonomiske problem og måtte derfor stoppe mottaket av fisk tidleg på året i 1988.

Innan akvakultur vart produksjonen av settefisk større enn etterspurnaden i markede - og det vart derfor i 1988 store vanskar med å få omsett fisken til akseptable prisar. Settefiskanlegga i distriktet er derfor inne i ei økonomisk vanskeleg tid.

Utsiktene framover er no meir usikre på grunn av stagnerte fiskeprisar, aukande driftskostnadar og eit usikkert ressursgrunnlag for dei fleste fiskeslag.

Dei stadig aukande kapitalkostnadane vil truleg verta ei tung belastning og medføre havari og konkursar for mange bedrifter i fiskerinæringa såvel som i andre næringar. I den tradisjonelle delen av fiskerinæringa kan ein anta at Garantikassen for fiskarar må auke dei sosiale utbetalingar den næraste tida framover på grunn av lave prisar og dårleg fiske for enkelte flåte-grupper. Av disse vil ein nemne det dårlege vintertorskefiske for sjark- og kystflåten dei to siste åra - og spesielt uværperioda med mykje landligge på Nordvestlandet vinteren 1988-89.

I akvakulturnæringa har det vorte større konkurranse. Den sterke utbygginga av settefiskanlegg har medført auka produksjon og utbud slik at prisen på settefisk av laks og aure framleis vil verta relativ lav.

Eksportmarkedet for matfisk av laks og aure ser derimot framleis bra ut og vil derfor kunne gi brukbart driftsresultat for oppdrettarar som unngår større sjukdomsproblem eller havari.

I 1987 var den totale brutto årsinntekta frå fiskarane i Hareid 24,9 mill.kr. og dei tilsvarande tala for Ulstein 20 mill.kr., tilsaman 44,9 mill.kroner. Fordeler ein same tala på antal fiskarar i 1988 så vert det i gjennomsnitt ei brutto årsinntekt på ca. 130.000 kr. Dersom vi forutset same årsinntekta for alle sysselsette i fiskerinæringa inklusivt avledda verksemd (432 i Hareid og 390 i Ulstein) så finn vi at totale brutto årsinntekter i Hareid vert ca. 56,2 mill.kr. og det tilsvarande talet for Ulstein ca. 50,7 mill.kr. Dersom vi vidare forutset at kvar av disse sysselsette i gjennomsnitt betaler inn 16.000 kr. i kommuneskatt (eksklusiv statsskatt, fylkesskatt, trygder, avgifter og andre skattar) så er det årleg til desse to kommunane betalt inn til saman ca. 13,2 mill.kr. fordelt med ca. 6,9 mill.kr. til Hareid og ca. 6,3 mill.kr. til Ulstein. Ser ein disse tala i forhold til den totale kommuneandelen av skatteinngangen i 1988 for Hareid på 30,2 mill.kr. og Ulstein på 47,5 mill.kr. så blir den relative prosentvise skatteinngangen frå fiskerinæringa til disse kommunane henholdsvis ca. 22 % for Hareid og ca. 13 % for Ulstein. Dersom ein med same forutsetningar ser regionen under eitt med total kommuneskattinntekt på 77,7 mill.kr. og tilsvarande skatt frå fiskerinæringa på 12,3 mill.kr. så vert den prosentvise skatten frå fiskerinæringa ca. 17 %. Tek ein omsyn til inflasjonsutviklinga, skatteinntaksaukinga generelt og næringsutviklinga i andre bransjar - så er det klart at den relative andelen av skatteinngangen frå fiskerinæringa i dette distriktet har avteke jamt dei siste 10-20 åra sjölv om nedgangen no ser ut til å ha stoppa opp og jamvel har auka igjen dei siste 2-3 åra.

Næringslivet si utvikling og den aukande arbeids-  
løysa den seinare tid reiser derfor spørsmål om tida no er  
inne for å igjenoppbygge ei framtidsretta fiskerinæring i  
distriktet. Med dei langsiktige perspektiva vi har innan  
akvakultur og ei fornuftig beskatning av dei tradisjonelle  
fiskeslaga burde det vera grunn til ei forsiktig men  
likevel nøktern optimisme.

Ei igjenoppbygging av fiskerinæringa i dette distriktet er  
imidlertid avhengig av at sentrale beslutningstakara både  
av politikara og tjenestemenn medvirkar positivt slik at  
kommunane får tildeling av konsesjonar og kredittløyvingar.

9. EIT TILBAKESYN PÅ NOKRE HENDINGAR I 1988

Ved årsskiftet førebur kommunane seg på nytt val og annonserar at aktuelle organinsasjonar kan kome med forslag på medlemmar i m.a. hamnestyre og fiskerinemnda i Ulstein. Næringsavdelinga i fylket meiner at planane om Flø ferie-senter kan verta eit pilotprosjekt i fylke.

Ein person frå Brandal står sentralt i eit Norsk/Fransk selskap som har starta fiskeoppdrett i Frankrike og viser til godt driftsresultat så langt.

Frå forsøk med utsetting av Tunhovdaure i Snipsøyrvatnet har ein oppnådd gode vekstresultat på fisken.

Fløfisk a/s annonserar at dei vil montere skremeskotanlegg ved Spjutöya for å halde fuglane unna oppdrettsanlegget.

På fiskerikontoret er ein skjeptisk til planane om å etablere eit lagringsanlegg for giftig ABC-avfall på Langeneset i Hareid.

Hjörungfisk a/s vurderer å selge sine andelar som dei eig i eit Irsk settefiskanlegg for å finansiere sitt nye anlegg i Vartdalsfjorden.

I Ulstein vert det søkt om ein torskeoppdretts-konsesjon i tilknytning til drifta av Skjervøy fiskemottak.

Justisdepartementet vurderer å byte ut sysselmannsfartyet "Polarstar" med eit nyare farty som skal gjere same tjenesta på Svalbard.

"Flömann" har fiska opp loddekvota si ved Island på i alt 360 tonn frosen lodde til oppdrettsfor og ca. 4.000 hl. til mjöl og olje.

Formannskapet i Hareid oppnemner eit fagleg utval som skal stå ansvarleg for utarbeiding av ein kystsoneplan som får hög prioritet.

Fleire ishavsskuter er intressert i å ruste ut for komande sesong på selfangst - men dei må ha offentleg støtte dersom turane skal svare seg økonomisk.

Fiskesjarken "Ulstein" er ein av dei 25 fiskebåtane i landet som har fått innmontert Mustad automatiske lineegne-system.

Det vert no klart at "Polarstar" som har tjenestegjort i 8 år som sysselmannsfarty på Svalbard vert utbytt med "Polar-sirkel" frå Rieber-rederiet.

I slutten av månaden vert ein fiskar frå Hareid som er ombord i "Tampen" på trålfiske i Barentshavet skada i ei hand og vart øyeblikkeleg bragt til sjukehus med heli-kopter.

"Flömann" driv sildefiske i Nordsjøen og melder inn ein fangst på 1.700 hl.

I byrjinga av februar er det klart at 7 skuter har meldt seg intressert i å ta del i årets selfangst, av disse finn vi også "Melshorn" og "Polarstar".

På eit møte som diskuterte framtidsutsiktene for kyst-Norge påpeikte fylkesvaraordføraren i Möre og Romsdal at ein i større grad burde verta flinkare til å plukke ut regionar og å satse på sektorar, herunder ha god omstillingsevne slik

fiskerinæringa har hatt.

Kleven Mek. leverar sitt bygg nr. 100, ein topp moderne trålar til Volstad-rederiet.

Brandalshamna treng både innseglingslys og belysning på moloane dersom ein ønskjer større aktivitet i fiskerihamna. Frå Nordsjøen melder "Flömann" inn ein sildefangst på 4.500 hl.

I statsbudsjettet for 1988 er det avsett kr. 1.130.000,- i tilskot til det endelege oppgjeret for fiskerikaia i Ulsteinvik.

Settefiskanlegget Hjörungfisk a/s flyttar store delar av si verksemd til nytt og moderne sjöanlegg i Vartdalsfjorden.

I midten av månaden må ein berre konstantere at vintertorskefiske enno ikkje har fått noko omfang, fisken lar vente på seg.

Fiskebåtar som er levert frå skipsverft i Ulstein får god omtale, av disse er m.a. ein større snurpar/trålar levert frå Ulstein Hatlö til Island - og ein 15 meters garnbåt levert frå Stranda Mekaniske til ein fiskar i Sulen.

I Hareid vert det annonsert at kommuna tek imot forslag, merknadar og idear i samband med utarbeidinga av Kystsonenplanen.

På fiskerikontoret vert det opplyst at antal fiskarar som er i svak vekst no er det høgste sidan 1975.

Eit produksjonsfirma på Hareid annonserar for å få salg på sine fiskeoppdrettskar.

Det vert offentleg kjendt at firmaet Norsk Laks Norge a/s er stifta i Ulsteinvik, aksjekapital kr. 1.100.000,-.

I samband med søknaden på ein piggvar-konsesjon i Litlevågen vil bygningsrådet stille seg positiv på vilkår av at det vert utarbeidd ein detaljplan i område.

Det viser seg at samanslåinga av skipsteiknar-kontora Nordvestconsult og Bård Vikanes har hatt positivt resultat.

Ei søndags-natt i slutten av februar tek det fyr i ei sjöbud på Saunes i Ulstein som brenn heilt ned til grunnen. Sjarkfiskarane opplysar at dei ser mykje storsild ved Fausken.

I samband med stiftinga av Kystfiskernes Forening vert fiskebåten "Flömann" noko overraskande brukt som motiv i annonseringa.

Skalldyrindustri a/s sökjer om konsesjon for oppdrett av piggvaryngel i Litlevågen.

I byrjinga av mars er det framleis bra sildefiske i Nordsjøen, "Flömann" og "Melshorn" melder inn henholdsvis 1.700 og 1.600 hl.

Ei veke seinare har "Melshorn" igjen fått ein ny fangst nordsjösild på 1.200 hl.

Ein har no oppdaga mindre utbrot av sjukdomen kaldvassvibriose i oppdrettsanlegga også i dette distriktet.

Nordsjøfiske held fram, "Melshorn" får seg to fangstar igjen på kort tid, den eine på 200 hl. og den andre på 1.300 hl.

Ulstein Hatlö har hatt storombygging på eit av dei største fiskefartya i verda, "Northern Eagle" som er ein stortrålar basert på surimi-produksjon.

Ein Brandalsmann vil opplyse at fredningstida for kveite varer til og med 31. mars.

Ein sjarkfiskar frå Ulstein som hadde ute 40 garn ved Vallabåane kunne notere ein fangst på 15 torskar.

"Uksnöy" leverar 350 tonn surimi-råstoff til ein verdi av 5-6 millionar ved Liavåg Fiskeindustri.

I status til kommunane langs kysten vert Ulstein teken inn blandt dei som har "perifer kyst", Hareid får status "By- og dagpendling kyst".

I slutten av månaden vert det gjort kjent at Skaarfish ligg i forhandlingar om kjøp av Liavåg Fiskeindustri a/s.

Den 6. april feirar selskapet Flömann a/s 50 års jubileum. På eit fiskarmöte i Fosnavåg var det fleire fiskarar som kritiserte Norges Fiskarlag si handsaming av ressursane, av disse også ein sjarkfiskar frå Haddal.

I Danmark er det stor stas kring overleveringa og dåpen av den nye havgåande autolinebåten "Karl Vadöy". Lokalavisene her heime gir også store førsteside-spaltar til Ulsteinbåten "Karl Vadöy" M-44-U som vart døybt og overlevert den 16. april.

Ved Martin Karlsen a/s i Brandal er dei i ferd med å planlegge montering av sjöpumper og kar med tanke på bruk av kveitekonsesjonen som er tildelt Brandal Havbruk.

"Tampen" har ledig plass til ein bevant trålmann.

Kystfiskebåten "Ulstein" som driv med autoline-fiske må også ha seg ein bevant fiskar.

Selfangst-skuta "Melshorn" er komen til Tromsö med full kvote på 7.300 skinn som er under lossing.

I byrjinga av mai trekte dei nye eigarane Skaarfish tilbake permisjonsvarselet som vart gitt til arbeidarane rett for bedrifta vart seld av Liavåg Fiskeindustri a/s.

Skalldyrindustri a/s har fått konsesjon for hummar-oppdrett i Litlevågen.

Martin Karlsen a/s har laga privat ishavsmuseum i kjellaren heime i privathuset i Brandal.

Forskarane fryktar at torskebestanden sviktar - men det er bra utsikter for bestandane av sild, makrell og kolmule.

"Melshorn" er ute etter ein maskinist nr. 2 som skal gå inn i avlöysarordning.

På representantskapsmöte for Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgslag som vert avholdt ved Ulstein hotel får direktören misstiltit retta mot seg frå nokre representantar som vil ha han avsett.

Den nye fabrikktrålararen "Norörn" vert overlevert frå Ulstein Hatlö i Ulsteinvik.

Hjörungavåg Mek. verksted overleverar samstundes det første nybygget av ein reketrålar som er bygt til eit Grönlandsk fiskebåtrederi.

Ein Ulsteinvikar som studerar ved Universitetet i Tromsö granskar ressursane av brosme og lange som i hovedsak vert fiska med line.

Ulstein fiskarlag har stått sentralt i arbeide med å få



utarbeiddt ei "Fiskarsoge for Ulstein" som er ferdig i disse dagar.

Ulstein Betongindustri a/s skal bygge flytande oppdretts-plattformar med bygning og anna utstyr.

Skeide Møk. fabrikk presenterer sine produkt av kaikraner og fiskevaskemaskinar.

"Flömann" treng ein vikar-maskinist.

Enkelte av dei som uttalar seg er skeptiske til planane om å starte torskeoppdrett i tilknytning til Skjervøyområde på Saunes.

Ein av aksjonærane i Brandal Klekkeri a/s annonserar salg av sine aksjar.

CSL-aqua som produserar oppdrettskar arbeider med å få andre leigeavtalen som dei har på lagerbygget ved ekspedisjonskaia.

I byrjinga av juni vert det kjent at den tidlegare disponenten ved Liavåg Fiskeindustri no har starta eige firma innan fiskemegling.

I Ulsteinvik klagar enkelte på kloakkutslepp i hamna som forureinar sjöen.

Planane om byggestart av hyttene ved Flö-hamna vert utsett. Fylkesmannen legg fram planar om verning av våtmarksområder som m.a. omfattar delar av Flöstranda, Stokksund/Blikkvågane og Hjørungdalsvatnet.

"Karl Vadöy" skal tilsetje maskinist på skiftordning.

I Breisundområdet er det observert kval som truleg går i sildestimar.

Frå Nordsjøen melder "Flömann" inn ein sildefangst på 2.000 hl.

Ved Flöfisk sitt anlegg er det ikkje funne sjuk fisk - og Fylkesveterinæren vurderar derfor om bandlegginga av anlegget snart kan verta oppheva.

Eksplasjon i ein transformator kiosk medførte at straumen i Brandal vart borte i 16 timar - men naudstraumagregatet til Brandal Klekkeri virka som det skulle slik at anlegget ikkje vart råka.

Brandal Klekkeri opplyser at dei vil ha klar 80-90.000 smolt for skiping i løpet av juli måned.

I hovedstyre til Statens Fiskarbank er det framsett ønske om å behalde eit medlem frå Hareid.

Ein student frå Universitetet i Tromsø var med "Karl Vadöy" på ein linetur i samband med bestandsforskninga på brosme og lange.

Hjørungfisk har 60 gr. eitt-årig smolt for salg.

"Tampen" har plass ledig til ein bevant fiskar.

Fylkesveterinæren har ikkje funne sjuk fisk ved Flöfisk sitt settefiskanlegg og opphevar no det salgsforbode som anlegget har hatt.

Møre Havbruk a/s har på det næraste fått avklaring i alle forhold til ein kveiteoppdrettskonsesjon på Hatlöya.

Hareid kommunestyre vedtek samrøystes å løyve midlar til lys på moloane i Brandal fiskerihamn.

Frå Nordsjøen melder "Flömann" inn ein sildefangst på 700 hl.

"Karl Vadöy" er komen frå Shetland med 85 tonn kvitlange og 15 tonn brosme.

I Nordsjøen held sildefiske fram og "Melshorn" melder inn 2.000 hl.

På lensmannskontoret fekk ein melding om oljetilgrising i hamna på Hjörungavåg.

Stortinget har oppnemnt ein mann frå Hareid som styreformann i Statens Fiskarbank.

Fiskerirettleiaren i Hareid og Ulstein har vore utan kontorhjelp i 1987 og delar av 1988 - og har derfor berre makta å utarbeide ei forenkla årsmelding for 1986-1987.

Det viser seg no at den nye autoline-båten "Karl Vadöy" har levert heile 133 tonn lange og brosme på si første levering.

På grunn av næringssalter som vert tilført og høge temperaturar er det stor algevekst og urovekkande forureining i Hjörungdalsvatnet.

På Hareid-messa er det fiskekonkurranse på porsjonsfisk av regnbogeaure som er levert frå Brandal Klekkeri a/s.

Frå årsmeldinga til fiskerirettleiaren er det reist spørsmål om tida no er inne for å gjenoppbygge fiskerinæringa.

Småbåtlaget i Ulstein pressar på for å få fleire småbåtplassar ved Vikholmen.

Frå Nordsjøen er det framleis meldt om brukbart sildefiske, "Melshorn" melder inn 2.500 hl. og "Flömann" 1.000 hl.

For oppdrettsnæringa er det oppretta stilling som havbruksveterinær som oppdrettarane på ytre Søre Sunnmøre sjølve finasierar med eige valgt styre.

I byrjinga av juli er det framleis bra fiske på nordsjø-silda, "Flömann" melder inn 1.300 hl. og "Melshorn" 700 hl. Berre få dagar seinare er "Melshorn" på feltet igjen og tek seg nye 200 hl. sild.

Mange av innbuarane på Flö klagar over lukta til fleire kloakkar som vert slept ut i hamnebassenget.

Det har vore langvareg turke og Brandal Klekkeri må derfor som ei naudlöysing ta vatn frå dammen i 3-4 dagar.

Norsk Sjømannsforbund opplysar at dei har stor tilgang på fiskarar som vil organisere seg.

Stranda Mek. i Ulsteinvik har bygt ein 50 fot stor kystfiskebåt til ein fiskar i Herøy.

Det har vore holdt ekstraordinær generalforsamling i Brandal Klekkeri a/s der ein av aksjonærane har solgt alle sine aksjar og det er valgt nytt styre.

Ved Kleven Mek. har dei byrja på den nye fabrikktrålaren "Tampen" som skal overleverast til reiarane på Hareid for jul.

"Melshorn" er på veg heim frå Jan Mayen med ein loddefangst på 4.000 hl.

Eit nystarta firma planlegg å nytte "Polarstar" til turistfart i arktiske farvatn.

Ved Ulstein Betongindustri vert den andre av oppdrettsplattformene som er bygt der sjösett.

"Melshorn" melder inn ein ny loddefangst på 1.800 hl.

I byrjinga av august overleverar Kleven Mek. verksted den nybygde fabrikktrålararen "Claymore Sea" til eit amerikansk rederi.

Brandal Klekkeri a/s tek til motmæle for urettmessige skuldningar som dei har fått frå friluftts- og naturverninteressene.

Det vert meldt om at småbåtflåten har fått fine dagsfangstar av makrell på handsnøre.

"Flömann" har igjen meldt inn ein ny fangst på 900 hl. makrell som er den andre fangsten på kort tid.

På fiskesalgslaget har "Ulstein" meldt inn 5 tonn kvitlange og 1,5 tonn brosme.

"Karl Vadöy" er også komen frå ein god tur med 65 tonn lange, 15 tonn brosme og 50 tonn frysevarer.

Dei nye eigarane av Liavåg Fiskeindustri - Skaarfisk planlegg nytt mottak for oppdrettslaks der dei må ha 20-30 nye arbeidarar.

På Feitsildlaget i Ålesund vert det innmeldt nye makrellfangstar, "Melshorn" med 800 hl. og "Flömann" 70 tonn pluss 600 hl.

Berre få dagar seinare har "Flömann" igjen fått seg 60 tonn makrell og "Melshorn" 35 tonn.

Ein er no inne i ei god periode i makrellfiske og det vert meldt inn nye fangstar, av disse "Flömann" med 130 tonn og "Melshorn" med 1.000 hl.

Samstundes foregår det eit godt brislingfiske i Eiksund der 16-17 notlag siste dagane har teke 18.350 skjeeper brisling.

Frå Skjervöy-anlegget kjem det melding om at verksemda kan verta nedlagt på grunn av økonomiske vanskar - men på fiskerikontoret kan ein ikkje godta at området vert omregulert til andre formål.

Det gode brislingfiske i Eiksund held fram og hjå aktörane finn vi Haddal notlag.

Skaarfisk melder om aukande mottak av sild og makrell og må derfor utvide ytterlegare arbeidsstokken.

I samband med den ekstraordinære likviditetslâneordninga for kystflåten er det kome inn 5 søknadar, 4 frå Ulstein og 1 frå Hareid.

Makrellfiske held fram og "Melshorn" melder inn 150 tonn pluss 400 hl., "Flömann" har fått seg 500 hl. hestemakrell.

Vi skriv no byrjinga av september og det gode makrellfiske held fram. "Melshorn" har fått 65 tonn, "Flömann" melder inn 66 tonn frossen makrell.

Berre få dagar seinare melder "Flömann" inn 500 hl. makrell, "Melshorn" 300 hl. hestemakrell.

Den nye autolinebåten "Karl Vadöy" har gjort det godt og får mykje positiv omtale.

Småreketrålararen "Viking" fekk ei stor dumpa kraftblokk i tråla som etter mykje stræv vart teke med til land.

Oppdrettsanlegga i distriktet fryktar problem med dei store algeforekomstane som spreier seg nordover kysten.

Makrellfiske held fram og "Flömann" melder inn 1.000 hl. og 50 tonn.

Ulstein Hatlö er i ferd med å sikre seg ei ny kontrakt for bygging av ein stor surimi-fabrikktrålar som også skal produsere ferdig mjöl ombord.

"Melshorn" treng ny stuert til ringnotfiske i Nordsjöen.

Ulstein Betongindustri får mykje positiv omtale til dei store oppdrettsplattformene som vert bygt i betong.

I Hjørungavåg er det enkelte som klagar på forureininga som kjem frå Skaarfish sitt fiskemottakanlegg.

S.M. Holstad Rørservice har levert og/eller sveist 60-70 mærer til oppdrettarar langs mesteparten av kysten.

Ein nyombygd reketrålar på 236 fot er overlevert frå Ulstein Hatlö a/s til eit Canadisk reiarlag.

På Hjørungfisk har dei siste tida vore plaga av vibriose-angrep på fisk.

Distriktet har endå ikkje nokon stad der oppdrettarane kan få deponere fisk som har dauda av sjukdomsangrep.

Makrellfiske held fram og "Melshorn" melder inn 150 tonn, "Flömann" 120 tonn.

Det vert no meldt om at lokale algekonsentrasjonar kan opptre i relativt store mengder og oppdrettarane bør vera på vakt klar med aktuelle tiltak.

Den 16. september vart den nye trålaren "Tampen" sjösatt ved Kleven Mek. verksted i Ulstein.

I Kristiansand har "Melshorn" meldt inn ein ny makrellfangst på 80 tonn.

To fiskarar i Ulstein sökjer om å få byggje seg sjøhus ved fiskerikaia.

Makrellfiske held fram og "Melshorn" melder inn nye 140 tonn, "Flömann" 1.200 hl. makrell pluss 800 hl. hestemakrell og ytterlegare 100 tonn frosen makrell.

Ulstein fiskarlag held møte i Ulstein rådhus.

"Melshorn" melder inn ein ny makrellfangst, denne gangen 55 tonn.

Fleire fiskeristipendiatar er utplasert i aktuelle land som vi eksporterar til - og av disse finn vi også ein av "fiskeriambassadörane" som er frå Hjørungavåg.

I byrjinga av oktober vert det i samband med høyringa av ei NOU-melding kjendt at alle fiskerinemndene og fiskarlag på ytre Söre Sunnmöre stiller seg skjeptisk til at fiskerikontora vert samanslått til eit felleskontor plassert i Ulsteinvik, Dragsund eller i Fosnavåg.

Hareid kommune har revidert hamneavgiftene.

Det vert no kjendt at Flöfisk a/s har fått ein tidsavgrensa matfisk-konsesjon som også skal nyttast til sjukdomsforskning.

Ein sjarkefiskar i Brandal har planar om å byggje seg sjöbud i fiskerihamna.

Makrellfiske er framleis i gang og "Flömann" skal levere 15 tonn som er nedfrosen.

Havbruksveterinæren vil ta opp kampen mot forureining og sjukdomssmitte ved å bedre arbeidsrutinene og auke kontrollinnsatsen.

På Norges Fiskarlag sitt landsmäte i Trondheim har ein også med representantar frå Ulstein Fiskarlag.

Relativt høge temperaturar i Nordsjøen kan vera noko av grunnane til det vedvarande makrellfiske - og "Melshorn" har fått 2.700 hl., "Flömann" 181 tonn frossen makrell, 500 hl. i bulk og ytterlegare 700 hl. hestemakrell. Hareid fiskarlag skal halde medlemsmøte den 13. oktober. Ulstein Hatlö leverer enda ein ny fiskebåt til Island, "Helga II" er ein kombinert snurpar og trålar. "Flömann" gjer det framleis godt på makrellen og melder inn tre fangstar på mindre enn ti dagar, henholdsvis 140 tonn, 130 tonn og nye 130 tonn. Ein lastebiltransport med fersk sild som Skaarfish sende til Tyskland måtte køyre med redusert last fordi siste kveldsferga ikkje ville ta ein ekstratur slik det vart retta ønskje om. Frå Nordsjøen melder "Melshorn" inn 60 tonn makrell og 500 hl. nordsjösild. Hjörungavåg Mek. overleverar ein nybygd reketrålar til eit Grönlandsk rederi. I Vartdalsfjorden har ein funne fisk som har furunkolose-sjukdom. Ved Ulstein Betongindustri er ein no i arbeid med driftsbygninga som er reist på dei to oppdrettsplattformene som bedrifta har bygt. Norsk Laks a/s er ute etter ein arbeidsbåt som dei skal bruke på sitt oppdrettsanlegg i Frankrike. To av Norges største lakseeksportørar, Skaarfish a/s og Mowi a/s - har slått seg saman til eit stort salgs- og markedsføringsselskap. I løpet av ei veke får "Flömann" seg to nye makrellfangstar på henholdsvis 10 tonn og 78 tonn. Furunkolosesmitten som er påvist i Hjörundfjorden og Vartdalsfjorden medfører at det må takast hyppigare kontrollar også ved Hjörungfisk sitt anlegg. Suksessen og det gode fiske til autolinebåten "Karl Vadöy" får mykje positiv omtale. Frå Nordsjøen melder "Flömann" inn 78 tonn frossen makrell, "Melshorn" 4.000 hl. sild. På ligningskontoret i Ulstein meiner dei at ein hovedyrkefiskar som delvis driv småreketråleing skal handsamast som om han driv hobbyfiske. Fiskerirettleiaren i Ulstein og Hareid stiller seg undrande til den måten ligningskontoret i Ulstein har handsama denne reketrålfiskaren på. I samband med bygging og bruk av fiskerihamner gjer Fiskeridepartementet det klart at fiskebåtar har fortrinnsrett til bruk av hamnene. På forespurnad erkjenner fiskerirettleiaren at det enno er mykje usikkert når det gjeld smittefare og konsekvensar ved fiskesjukdomane. Frå Nordsjøen melder "Melshorn" inn ein fangst på 1.500 hl. sild.

Den 1. november er fiskarmanntalet i Hareid og Ulstein utlagt.

Sildefiske i Nordsjøen fortsetter og "Flömann" melder inn to fangstar på kort tid - 450 hl. og 120 tonn, "Melshorn"

har fått 1.000 hl.

Frå ein Eiksund-sjark kom det melding til Alesund radio om eit branntillöp, men fiskaren greidde sjölv å slökkja brannen för större skadar oppstod.

Veterinær som vart tilkalla konstanterer at eit mindre parti sjuk fisk som var motteken ved Skaarfish ikkje representerte nokon smittefare.

I Ulstein har ein mann fersk sild og brisling for salg.

"Flömann" har fått stadfesta sin kolmuletråltillatelse - og har dessutan også fått löyve til å fiske polartorsk.

"Melshorn" tek to sildefangstar berre på få dagar, henholdsvis 1.500 hl. og 1.000 hl.

Miljövernavingdelinga ved Fylkesmannen er skjeptisk til at Flöfisk sin oppdrettskonsesjon framleis vert verande ved Spjutöya.

Vest-Miljö a/s er i ferd med å etablere seg på Langeneset der dei skal ta imot bilvrak og giftig væske av ulike slag.

På "Ulstein" er det plass ledig til ein erfaren fiskar.

"Flömann" melder inn 900 hl. sild frå Nordsjöen.

Fiskemottaket Skaarfish i Hjörungavåg aukar verksemda og har no over 80 tilsette som tek imot, filiterar, pakkar og eksporterar både makrell, sild, oppdrettslaks og aure. Kar og pumper for sjöinntak er no montert og klart for å takast i bruk ved Brandal Havbruk som har fått kveite-konsesjon.

I Nordsjöen fiskar snurparane framleis sild, "Flömann" 900 hl. og "Melshorn" 1.000 hl.

Det er plassar ledig til bevante deks- og produksjonsmannskap, mess og smörar på nye "Tampen".

I veke 46 og 47 er det teke fleire sildefangstar i Nordsjöen "Flömann" melder inn 500 hl., "Melshorn" 300 hl., "Flömann" 450 hl., "Melshorn" 300 hl.

Den 23. november vart den nye "Tampen" registrert med nummeret M-4-HD.

Ulstein fiskarlag gjer kjendt dato og sakliste til komande årsmöte.

I Hareid vert det no gjort kjendt at ein er komen godt i gang med kystzoneplanarbeide og eit planforslag om bruk av kystlina vert framlagt.

I Hjörungavåg kan ein få bestilt klippfisk til jul.

Den 2. desember er ein merkedag for fiskerinæringa i distriktet.

Den nye trålarer "Tampen" vert döypt og overlevert til rederiet Johs R. Hareide a/s frå Kleven Mek. verksted i grannekommuna Ulstein. På prøveturen går "Tampen" innom dampskipskaia på Hareid der musikkorpset og mykje bygdafolk er mött fram for å ta i augesyn den nye fine fiskebåten. Redarane på "Tampen" beklagar den sterke nedskjeringa av den tildelte torskekvota - og trur det er meir fisk i Barentshavet enn det havforskarane vil ha det til. I samband med overleveringa av "Tampen" feirer det kjende fiskebåtreiarlaget 75 års jubileum og ser tilbake på den utvikling rederiet har hatt.

Nokre dagar seinare er ei oppdrettsplattform med drifts-

bygning på under slep i godeveret rundt Stad på vei frå Ulstein Betongindustri til Svanøy ved Florö.

Forsöket med pakking av selbiff som "Melshorn" var med på under selfangsten i Austisen har fått positiv tilbake-melding frå Japan som ikkje utelukkar at dei kan ta imot større parti selkjött seinare.

På Skaarfish sitt fiskemottak i Hjørungavåg har dei siste månadane måtta firedoble arbeidsstokken på grunn av den aukande aktiviteten ved bedrifta. Driftssjefen på Skaarfish gir positiv omtale om innsatsen til dei tilsette ved verksemda. Skeide Mek. fabrikk produserer framleis kaikraner og fiskevaskemaskiner.

Det nye selskapet Liavåg a/s som skal drive kjøp og salg av fiskeprodukter er registrert i foretaksregisteret.

Hareid fiskarlag skal holde årsmöte 29. desember.

Ein Brandals-mann som var mannskap på den nye "Tampen" vart skada då redningsbåten skulle brukast til å hente folk frå land.

Det vert kjendt at ein kvinnleg arbeider ved Hjørungfisk sitt anlegg har fått ny settefisk-konsesjon for produksjon av 335.000 settefisk på Lauvstad.

Ein fiskar frå Hareid har vore fabrikkssjef på den Canadiske reketrålararen "Northern Kingfisher" som hadde 250 tonn reker på siste turen.

Ulstein Hatlö er i ferd med å sikre seg ombyggingskon-trakter på to store fabrikktrålarar som skal drive surimi-produksjon for amerikanske reiarar.

På "Karl Vadöy" er det stor missnöye med planane som dei sentrale myndigheiter har med å skjere ned på torskekvota til linebåtane. Dette kjem til uttrykk idet båten er komen heim etter ein god tur med 60 tonn frosnevarer og 105 tonn saltfisk.

Den 22. desember er det sørvest-storm med storflo og bærer som kaster sjö og rakved langt fram på sjögata i Ulstein-vik.

I same uværet vert eit av båtskroga som Ulstein Hatlö skal bygge om kasta på land ved fyret på Runde etter at slepet rauk.

I Ulstein kommune vert söknaden frå Flöfisk om å få bruke den tidlegare nytta oppdretts-lokaliteten ved Spjutöya lyst ut i avisa.


Med dette runder ein av reportasjen av avisutklipp som er gjengjeve. Det har vore meininga å belyse noko av verksemda i fiskerinæringa innanfor distriktet - og ein håper lesarane vil sjå bort ifrå eventuelle feil og strukturering av innholdet som ber preg av å hoppe frå det eine til det andre. Mange vil også rettmessig oppdage at eit og hint manglar. I denne samanheng vil ein spesielt nemne sjark-fiskarane som får relativ liten omtale i lokalavisene - og som av denne grunn også har fått for lite merksemd her. Sjølv med manglande innhold vel ein å slutte av med dette - og håper innholdet på sin måte har gitt uttrykk for noko av den verksemd ein har i fiskerinæringa innanfor dette distriktet.

# SJØVANNSTEMP.


I SULAFJORDEN (VED BRANDAL) OG

I 1M, 4M, 50M, 100M. DYP 1979 - 1988

VARTDALSFJORDEN







# NORSKE KYST

## HOLMEN-ÅLESUND

Målestokk 1 : 50000

konstr. par. 62° 20'

Sjømåling 1944 - 1964

STAVANGER 1966

### ANMERKNINGER

Se seg til springlavvann. Sterk prikking viser område av vann. Lettere prikking viser dybden er mindre over på land er i meter over daglig høyvann.


- ⚓ anker- og fortøyingsbøye
- ⚓ fortøynings- eller merkepeler
- ⚓ ankerplass for større fartøyer
- ⚓ ankerplass for mindre fartøyer
- ⚓ sjømerke (båke, vørde, mast)
- ⚓ synlig vrak
- ⚓ vrak farlig for seilassen
- ⚓ vrak ufarlig for seilassen
- ⚓ (seilsløp). Strek betyr 1 meter, prikk 0,5 meter.


⚓ Fm tormærker, gn, g grøn, h hvit, hv hvert, med, mk mørk, r rød, Sek sekund, vis vekslende, in, g grov, Gs gress, Gr grus, L leire, S sand, Sk skjell, Sl søle, St stein.

⚓ RS redningsstasjon, RG radiopilestasjon, de, VS værvarselstasjon.

⚓ lufsspenn med angitt høyde i meter over høyvann. kabel og undervannsledning.


FAVNER	METER	FAVNER	METER
1/2	20.71	11	5.84
3/8	22.59	12	6.38
1	24.47	13	6.91
2	26.35	14	7.44
3	28.24	15	7.97
4	30.12	20	10.63
5	32.00	25	13.28
6	33.88	30	15.93
7	35.76	40	21.25
8	37.64	50	26.56
9	39.52	75	39.85
10	41.40	100	53.13





# DEN NORSKE HAUGSHOLMEN-ÅLE

Målestokk 1 : 50000



Mercators projeksjon  
Konst  
Sjømåling 1944 - 1964  
STAVANGER 1966  
ANMERKNINGER

Alle dybder refererer seg til springlavvann. Sterk prikk som faller bort ved lavvann. Lettere prikking viser utd. enn 0,5 meter. Høyder på land er i meter over daglig skvalpesjøer

+ anker- og for  
 + forsynings- e  
 + ankerplass for  
 + ankerplass for  
 + sjømerke (bå-  
 + synlig vrak  
 + vrak farlig for  
 + vrak ufarlig for  
 + ledstrekk (seilpall). Strek betyr i meter, :  
 ① Lassasjon

Lykter: Bl blink, f fast, Fm tårnmerker, gn, g grønn, Kl klipp, m med, mk mørk, r rød, Sek sekund  
 Bunn: F fjell, f fin, g grov, Gs gress, Gr grus, L Sg singel, Sk skjell, Sl sola, St stein.  
 B båke, LS loskantar, RS redningsstasjon, RG r RC radiofyr, V varde, VS varvarelsstasjon.  
 ... luftspenn med angitt høyde i mete  
 ... kabel og undervannsledning.

REDUKSJONSTABELL	
METER I FAVNER	METER I FAVNER
0,31	1/6
0,34	3/8
1,38	1
3,76	2
5,65	3
7,53	4
9,41	5
11,29	6
13,18	7
15,06	8
16,94	9
18,82	10
20,71	11
22,59	12
24,47	13
26,35	14
28,24	15
30,12	16
32,00	17
33,88	18
35,76	19
37,64	20
39,52	21
41,40	22
43,28	23
45,16	24
47,04	25
48,92	26
50,80	27
52,68	28
54,56	29
56,44	30
58,32	31
60,20	32
62,08	33
63,96	34
65,84	35
67,72	36
69,60	37
71,48	38
73,36	39
75,24	40
77,12	41
79,00	42
80,88	43
82,76	44
84,64	45
86,52	46
88,40	47
90,28	48
92,16	49
94,04	50
95,92	51
97,80	52
99,68	53
101,56	54
103,44	55
105,32	56
107,20	57
109,08	58
110,96	59
112,84	60
114,72	61
116,60	62
118,48	63
120,36	64
122,24	65
124,12	66
126,00	67
127,88	68
129,76	69
131,64	70
133,52	71
135,40	72
137,28	73
139,16	74
141,04	75
142,92	76
144,80	77
146,68	78
148,56	79
150,44	80
152,32	81
154,20	82
156,08	83
157,96	84
159,84	85
161,72	86
163,60	87
165,48	88
167,36	89
169,24	90
171,12	91
173,00	92
174,88	93
176,76	94
178,64	95
180,52	96
182,40	97
184,28	98
186,16	99
188,04	100

